



Sikring av den trafikkfarlige biten ovanfor brua er no i gang. Snart kjem det eit stålrekkverk oppover her. (Foto: Ola Matti Mathisen) . .

Ein etterlengta sikring av kommunevegen mellom riksveg-brua og avkjørselen ned til Johannes Feet er no i gang og kommunen har leigd inn Kvinnherad Maskin og Arvid Gjerde til å ta seg av arbeidet.

Det har her vore ein trafikkfarleg strekning på den øvste delen, som er om lag 25 meter lang. Her har det vore berre ein låg, støypt kant med fåre for å hamna utfor og ned i elva både for gåande og køyrande.

Kommunen sin ansvarlege innrømmer at sikring her har vore på programmet lenge, men har vorte forseinka av ymse årsaker. No har kommunen teke saka i eigne hender etter å ha venta på Mesta.. Den låge kanten er fjerna og i staden kjem eit vanleg stålrekkverk som blir eit effektivt sikringstiltak..

Av Ola Matti Mathisen